



Møteprotokoll

Utval:	Formannskap
Møtestad:	Solund kommune - møterom
Dato:	29.01.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 11:00
Saksnr.:	001/26 - 011/26

Faste representantar som møtte:	Parti
Signe Bjørøy	H
Gunn Åmdal Mongstad	SP
Sara Tunestveit	SP

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	Øyvind Losnegard	SP
John Sigfred Hugøy	SP	Anne Marie Gåsvær	SP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 22. januar 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal til sak 002/26 og frå sak 004/26.
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Signe Bjørøy og Sara Tunestveit vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	<i>Kommunedirektøren orienterar om:</i> Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal orienterar om prosjektet forbetra og forenkla samfunnsplanlegging. Rapport frå prosjektet skal være ferdig til april 2026.
Synfaring:	

Diverse:	Sak 004/26 vart handsama til slutt. Resten av sakene vart handsama i rekke følgje.
-----------------	--

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Skriv og melding
003/26	Inngåing av partnerskaps- og driftsavtale mellom Solund kommune og NAV Vestland
004/26	Behandling av overordna handlingsplan Bygdevekst 2026
005/26	Sluttbehandling Reguleringsplan Rørdalsfjord bru
006/26	Val av medlemmer til Solund ungdomsråd 2026-2027
007/26	Vidareføring av Invest in Fjordane
008/26	Tilskot til førstegongs bustadetablerar
009/26	Tilskot til førsteongs bustadetablerar
010/26	Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane
011/26	Kjøp av aksjar Solund Næringsbygg AS

Underskrifter:

001/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 27. november 2025 vert godkjent.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 001/26 VEDTAK:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 27. november 2025 vert godkjent.

002/26: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 002/26 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

003/26: Inngåing av partnarskaps- og driftsavtale mellom Solund kommune og NAV Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune vedtek å,

- Gje kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre meiner det er avgjerande at innbyggjarane har tilgang til tenester frå NAV internt i eige kommune. Det er likevel viktig å ha tilgang til naudsynt kompetanse gjennom nettverk med andre NAV kontor i regionen.

Kommunestyret godkjenn framforhandla avtale mellom Solund kommune og NAV Vestland om fordeling av ressurs og leige av kontor gjeldande frå 1. januar 2026.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtale.

Avtalen skal reviderast årleg. Prinsipielle endringar skal handsamast av kommunestyret.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 003/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre meiner det er avgjerande at innbyggjarane har tilgang til tenester frå NAV internt i eigen kommune. Det er likevel viktig å ha tilgang til naudsynt kompetanse gjennom nettverk med andre NAV kontor i regionen.

Kommunestyret godkjenn framforhandla avtale mellom Solund kommune og NAV Vestland om fordeling av ressurs og leige av kontor gjeldande frå 1. januar 2026.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtale.

Avtalen skal reviderast årleg. Prinsipielle endringar skal handsamast av kommunestyret.

004/26: Behandling av overordna handlingsplan Bygdevekst 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtek vedlagde utkast til handlingsplan for 2026 i Bygdevekstavtalen.
2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Framlegg frå ordførar Gunn Åmdal Mongstad:

Nytt punkt 3.

3. Formannskapet ynskjer oppdatering om status og framdrift i delmåla knytt til dei ordinære formannskapsmøta.

Votering:

Det vart røysta samla over framlegg frå ordførar og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Framlegg frå ordførar og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 004/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtek vedlagde utkast til handlingsplan for 2026 i Bygdevekstavtalen.
2. Styringsgruppa i Bygdevekstprosjektet får fullmakt til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i teksten dersom handlingsplanen ikkje blir godkjent av KDD.
3. Formannskapet ynskjer oppdatering om status og framdrift i delmåla knytt til dei ordinære formannskapsmøta.

005/26: Sluttbehandling Reguleringsplan Rørdalsfjord bru

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4363_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19. Plankartet skal reviderast med vedtaksdato.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 005/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4363_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19. Plankartet skal reviderast med vedtaksdato.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

006/26: Val av medlemmer til Solund ungdomsråd 2026-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel følgjande medlemmer og varamedlemmer til Solund ungdomsråd for perioden 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS
2. Truls Einen Osland – 2. VGS
3. Linus Sundal – 2. VGS
4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl
5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl
2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl
3. Danylo Pikulov – 8. kl
4. Mark Smilianets – 8. kl

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 006/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel følgjande medlemmer og varamedlemmer til Solund ungdomsråd for perioden 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS
2. Truls Einen Osland – 2. VGS
3. Linus Sundal – 2. VGS
4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl
5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl
2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl
3. Danylo Pikulov – 8. kl
4. Mark Smilianets – 8. kl

007/26: Vidareføring av Invest in Fjordane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Solund kommunestyre stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 007/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Solund kommunestyre stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstifting og kommunane i Fjordane.

008/26: Tilskot til førstegongs bustadetablerar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap løyver kr. 50.000,- til Einar Leknesund og Norie Ann Tadeo i førstegongs etablerartilskot.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 008/26 VEDTAK:

Solund formannskap løyver kr. 50.000,- til Einar Leknesund og Norie Ann Tadeo i førstegongs etablerartilskot.

009/26: Tilskot til førsteongs bustadetablerar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap avslår søknaden frå Jostein Magnesen og Kristine Valdal Takvam om tilskot til førstegangs bustadetablerar knytt til gardsnummer 60, bruksnummer 1. Søkjarane har ikkje folkeregistrert adresse på eigdommen, og oppfyller difor ikkje krava for ordninga.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Framlegg om å utsetje saka frå ordførar Gunn Åmdal Mongstad.

Votering:

Framlegg å utsetje saka vart samrøystes vedteke.

FOR- 009/26 VEDTAK:

010/26: Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 010/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

011/26: Kjøp av aksjar Solund Næringsbygg AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune kjøper ikkje fleire aksjar i Solund Næringsbygg AS før det eventuelt vert aktuelt å etablerer kommunehuset på Næringsbygget.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre stiller seg positiv til å kjøpe aksjane til Edel F. Bontveit for 10.000,-. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 011/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre stiller seg positiv til å kjøpe aksjane til Edel F. Bontveit for 10.000,-. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.